



UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING NORGE  
SØR-TRØNDELAG FKF  
Fjordgata 1  
7010 TRONDHEIM

Dato: 01.12.2016  
Vår ref.: 2016/9494-7  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## Brev til UKM Norge

Kvar år sender UKM Norge ut samtykkeskjema som Hordaland fylkeskommune (HFK) skal signere i god tid før ein sender UKM-deltakarar og reiseleiarar til UKM-festivalen. Då HFK gjennomførte «prinsipp for deltaking» under UKM-festivalen i Hordaland 2016, valte HFK å nytte dette samtykkeskjemaet som mal for dei samtykkeskjema kvar kommune måtte signere før dei kunne sende sine UKM-deltakarar til festivalen i Hordaland. I dette høvet fekk vi kritiske spørsmål på nokre punktar i samtykkeskjemaet som HFK tok til etterretning. Dette medførte nokre endringar i samtykkeskjemaet som kommunane i Hordaland måtte signere (vedlagt kopi). Etter denne prosessen har HFK ønskje om at samtykkeskjemaet (som HFK har signert i 2 år) vert endra.

Setninga det gjeld er følgjande:

*Vi erklærer herved at*

- a. *Vi vil ta fullt ansvar for alle våre deltakarar under festivalen*

Ein kan ikkje sjå at det er ein fylkeskommune kan ta på seg dette ansvaret på ein bindande måte. Fylkeskontakten (ansvarleg hovudleiar) kan ikkje ha eit juridisk ansvar. Fullt ansvar er det dei føresette til deltakarar under 18 år, og dei deltakarar som er vaksne (fylt 18 år), som har.

Vi vil føreslå at denne setninga vert erstatta med følgjande:

*Det er fylkeskommunen sitt ansvar at deltakarane / føresette til deltakarar har signert samtykkeskjema om at dei vil følge dei ordensreglane som er utarbeida av UKM Norge, og som gjeld for festivalen.*

Vi stiller også spørsmål til punkt 4 under HMS-rutiner på festivalen når det gjeld reiseforsikring. Ein kan ikkje sjå at dette skal vere ein oppgåve for fylkeskommunen. Ein fylkeskommune kan ikkje umyndiggjere ein deltakar som er over 18 år. For deltakarar som er under 18 år, er det deira føresette sitt ansvar å sørge for.

Slik samtykkeskjemaet vart skriven i 2016, har Hordaland fylkeskommune signert under i både 2016 og 2015. Men etter nemnte erfaring har HFK sett gjennom samtykkeskjemaet med andre auge, og stiller spørsmål til juridisk moment i spørsmåla som er oppført.

Med ønskje om endring i samtykkeskjemaet frå 2017.

Men etter at «prinsipp for deltaking» vart innført i UKM i Hordaland, så var det fleire kommunar som ikkje kunne skrive under samtykkeerklæringa – som hadde teke utgangspunkt i samtykkeerklæringa frå UKM Norge. Dei spørsmåla vi fekk i den omgang gjorde at vi endra ...

Under UKM-festivalen i Riga stilte fylkeskontakt for UKM Hordaland spørsmål til juridiske moment i samtykkeskjemaet som kvart fylke må skrive under før ein sender UKM-deltakarar til UKM-festivalen.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør, kultur, idrett

Ronny Skaar  
Utviklingssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*